



SKULPTURAR I ULSTEIN



ULSTEIN KOMMUNE

PORALANE TIL ULSTEINVIK





BÅRD BREIVIK fødd 23.11.1948, er ein av Noregs internasjonale og mest markante bilethoggarar.

Han er utdanna frå Bergen Kunsthåndverkskole, Vestlandets Kunstakademi og St. Martin's School of Art i London og har nærmere 100 utsillingar i inn- og utland bak seg. Han har utført ei rekke offentlege og private utsmykkingar, mellom anna søylene på Torgallmenningen i Bergen.

Breivik sine arbeid vert karakterisert som objektkunst, han er oppteken av handwerkstradisjonar og har brukt ulike handverksteknikkar i arbeidet sitt. Karakteristiske trekk i hans kunst er samspelet mellom tradisjon og innovasjon.

Bård Breivik var professor i kunst ved Kunstakademiet i Stockholm i 1982 – 85. Han bur og arbeider i Oslo, i Sibbhult i Sverige og i Beijing og Xiamen i Kina. Han mottok Ingeborg og Per Palle Storms ærespris i 2009.

- **PORTALANE TIL ULSTEINVIK** er tre steinportalar ved innkjøringa til Ulsteinvik sentrum.



SKIPSBYGGARANE





KRISTIAN BLYSTAD fødd 18.03.1946, er norsk bilethoggar, utdanna ved Bergen Kunsthåndverkskole og ved Statens Kunstakademi i Oslo under mellom anna Per Palle Storm. Granitt, så vel som tre og meir ukonvensjonelle materialkombinasjonar, gjev uttrykk for hans motivregister som strekkjer seg frå det eksperimentelle til det klassisk inspirerte, mellom anna torsoar og kroppsfragment i ein arkaisk inspirert stil.

Mellom hans mange offentlege arbeid kan nemnast fonteneskulpturen Kronos ved Nordea sitt gamle hovudkontor på Majorstuen i Oslo, ein monumental-skulptur i granitt av Wilhelm F.K. Christie ved Stortingset og sju skulpturar ved Storebrand sitt hovudkontor på Filipstad brygge. I Ulvik står Blystad sitt monument over Olav H. Hauge.

I 2007 vart Kristian Blystad utnemnd til kommandør av St. Olavs Orden for sin innsats som bilethoggar og bidrag til norsk og internasjonal arkitektur. Han mottok Anders Jahres kulturpris i 2011.

- **SKIPSBYGGARANE** er oppsett i sjøkanten nedanfor Kulturalmenningen.





SEA SPRAY





KIRSTEN KOKKIN fødd 23.08.1951, er norsk bilet-hoggar, utdanna ved Statens Håndverks- og Kunst-industriskole i Oslo, Statens Kunstakademi i Oslo og Kungliga Kunsthögskolan i Stockholm.

Kokkin har hatt fleire separatutstillingar. Kokkin arbeider i ein figurativ, realistisk stil og ho har utført ei rekke offentlege skulpturar. Mellom anna Joy ved Idrettshøyskolen i Oslo, ei byste av Jan Bull ved Telemark Teater, Louise på Aker Brygge, Danserinne i Paleet i Oslo og statuen av kronprinsesse Märtha i Slottsparken.

- **SEA SPRAY** er oppsett i rundkøringa Sjögata/Vikemyra.



TRIANGEL





KIRSTEN KOKKIN fødd 23.08.1951, er norsk bilet-hoggar, utdanna ved Statens Håndverks- og Kunst-industriskole i Oslo, Statens Kunstakademi i Oslo og Kungliga Kunsthögskolan i Stockholm.

Kokkin har hatt fleire separatutstillingar. Kokkin arbeider i ein figurativ, realistisk stil og ho har utført ei rekke offentlege skulpturar. Mellom anna Joy ved Idrettshøyskolen i Oslo, ei byste av Jan Bull ved Telemark Teater, Louise på Aker Brygge, Danserinne i Paleet i Oslo og statuen av kronprinsesse Märtha i Slottsparken.

● TRIANGEL er oppsett ved Blåhuset, Vikemyra 1.



HEDDA GABLER





© Ingvild-Anita Velde, NRK

NINA SUNDBYE fødd 0408.1944.

Sundbye vaks opp på Ulvøya i Oslo. 1962–65 gjekk ho på Statens Håndverks- og Kunstindustriskole, deretter var ho elev av professor Per Palle Storm ved Statens Kunstakademi i Oslo 1966–68. Her fekk ho grundig anatomisk skolering og eit solid naturalistisk fundament å arbeide ut frå. Men ho frigjorde seg snart frå det strengt akademiske. Iblast kan ho nærme seg det abstrakte i skulpturar som synest å gro organisk fram frå ei amorf masse. Syndbye er ein av våre store skulptørar med verk i inn- og utland. Mellom anna var ho vinteren 2006 representert med 14 skulpturar i Nasjonalbiblioteket, alle med motiv henta frå Ibsen sine litterære kvinnefigurar.

- **HEDDA GABLER** er oppsett ved Borgstein sitt anlegg på Saunes.



FISKARBONDEN





© NRK


TORE BJØRN SKJØLSVIK, fødd i Tvedstrand i 1939. Han studerte ved SHKS i 1958-59, og ved Central School of Arts and Crafts i London i 1960. Elev av Schøenfeldt i 1962. Elev av Per Palle Storm ved Statens kunstakademi i 1963-66.

Tore Bjørn Skjølsvik har vore vitskapleg assistent ved Institutt for form og farge, NTH 1968 -72. Han er representert i Nasjonalgalleriet, Oslo, og Trondheim sitt faste galleri. Innkjøpt av Utenriksdepartementet (treskulptur som i dag er plassert i den norske ambassade i Roma). Skjølsvik har atelier i Oslo.

- **FISKARBONDEN** er oppsett ved Alvehaugen på Saunes.



RAGNAR ULSTEIN





© Kenneth Kamp, NyttUka

OLA STAVSENG, fødd 31. oktober 1949 i Stordal på Sunnmøre. Han arbeider i eit klassisk figurativt formspråk, i tradisjonelle material som leire, gips, tre, terracotta, bronse, granitt og marmor. I yrket som biletkunstnar er han plassert både i tradisjonen av internasjonal europeisk - og norsk kunst. Frå 1970 har arbeida hans vorte presenterte i utstillingar i inn- og utland og innkjøpt til ulike private og offentlege kunstsamlingar. Sidan 1974 har han også i periodar gjeve undervisning innan kunstfag som skulptur og teikning på ulike nivå; kunsthøgskule, kunstfagskule og ungdomsskule. Stavseng har i lengere periodar arbeidt i Italia, mellom anna i Roma og Toscana. Han er no busett i Stordal.

● **RAGNAR ULSTEIN** sin byste "Fridom og fred" er oppsett i Rådhusparken.





«Kunst er den einaste, framleis ubrukte funksjon som stammar frå ei djup, historisk fortid, men som vender tilbake til framtida, som det sjølvmedvitne mennesket sin heilskap.»

Joseph Beuys



ULSTEIN - der baug bryt båre